



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kontrollutvalet i Hareid kommune
Møtestad:	Rådhuset, kommunestyresalen.
Dato:	04.06.2020
Møte tok til	Kl. 14:30
Møte slutta	Kl. 20.05

Medlemene har vorte varsla skriftleg via e-post. Saksdokumenta har vore utlagde til ålment ettersyn på heimesida til Vest kontroll – Sekretariat for kontrollutval.

Faste medlemar som møtte:

Namn	Funksjon
Audun Ulstein	Leiar
Øyvind Grimstad	Nestleiar
Kjerti Røyset Topphol	Medlem
Greta Kirkebø	Medlem
Inga Ishild Hareide	Medlem

Faste medlemar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
------	----------

Varamedlemar som møtte:

Namn	Møtte for
------	-----------

Vest kontroll - sekretariat:

Namn	Funksjon
Jostein Støylen	Dagleg leiar
Jorunn Sandal	Spesialrådgjevar

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS:

Namn	Funksjon
Bodill Skreide	Dagleg leiar/revisjonssjef

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ragnhild Velsvik Berge	Rådmann. I sak 20, 25, 26, 24, 22, 23, 28 og 29.
Bernt Brandal	Ordførar. I sak 17, 18, 19 og 27.
Paul Arne Ulstein	Prosjektleiar Kommunal eigedom FDV. I sak 25.



SAKLISTE

- SAK 17/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT
MØTEPROTOKOLL
- SAK 18/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 19/20 MELDINGAR
- SAK 20/20 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020
- SAK 21/20 REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2019
HAREID KOMMUNE
- SAK 22/20 KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2019
HAREID KOMMUNE
- SAK 23/20 FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – INNKJØP
KOMMUNALTEKNIKK OG VAR – VIDARE OPPFØLGING
- SAK 24/20 RÅDMANNEN OG KONTROLLUTVALET. FORVENTNINGAR BEGGE
VEGAR
- SAK 25/20 ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN - BYGGING OG FRAMDRIFT AV
NYTT HELSETUN
- SAK 26/20 ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN – KORONA M.M
- SAK 27/20 ORDFØRAREN OG KONTROLLUTVALET. FORVENTNINGAR BEGGE
VEGAR
- SAK 28/20 DELEGERING FRÅ KONTROLLUTVALET
- SAK 29/20 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON - KOMMUNEN OG SELSKAP



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
17/20	033	18.05.2020	04.06.2020	KS

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL**Samrøystes vedtak**

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Saksbehandlingsrekkefølge 18, 19, 27, 20, 25, 26, 24, 21, 22, 23, 28 og 29.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Øyvind Grimstad.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
18/20	049	18.05.2020	04.06.2020	KS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE**Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 24.04.2020.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 24.04.2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
19/20	033&17	28.05.2020	04.06.2020	KS

MELDINGAR**Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitende.

Vedlegg

Frå bladet kommunal økonomi nr. 5 mai 2020. «Kommunelovens krav til økonomisk bærekraft – hvordan ivaretar kommuneregnskapet en måling av økonomisk bærekraft».

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
20/20	033&58	28.05.2020	04.06.2020	KS

GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020**Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen markadar til gjennomgådde møteprotokollar.

**Saksopplysning**

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Hareid kommune si heimeside -

<https://innsyn.hareid.kommune.no/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>

Møteprotokollar til gjennomgang (feit skrifttype):

Administrasjonsutvalet:

Eldrerådet: 28.01

Forhandlingsutvalet:

Formannskapet: 01.04 **15.04 22.04 29.04 11.05 18.05**

Kommunal byggenemnd:

Kommunal namnenemnd:

Kommunestyret: 27.03 **30.04 14.05**

Kontrollutvalet:

Levekårs utvalet: 26.02 **27.04**

Nærings- og miljøutvalet: 25.02 **05.05**

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne: 04.03

Valstyret:

Valutval: 19.03 **27.04**

SSR Representantskap

Vert sendt til leiar i kontrollutvalet

SSR Styret

Vert sendt til leiar i kontrollutvalet

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
21/20	216	03.06.2020	04.06.2020	JSa

**REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2019
HAREID KOMMUNE**

Samrøystes vedtak

Ut frå dei opplysningane som er mottekne og kjende, har Kontrollutvalet ikkje merknader til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for revisjonsåret 2019.

I møtet

Leiaren tok opp spørsmålet om å lukke møtet for å få revisor sin gjennomgang av B-dokument samt å stille spørsmål i tilknytninga til gjennomgangen.

Kontrollutvalet vedtok samrøystes å lukke møtet under orienteringa og spørsmålsstilling til revisor, jf. Kommunelova § 11-5, 2. lekk b, då innsyn vil motverke revisjonen sin kontroll.

Møtet vart lukka under revisor si gjennomgang av arbeidet for rekneskapet 2019.

Etter orienteringa vart møtet opna igjen.

Vedtaket vart gjort i ope møte.

Vedlegg:

1. Statusoversikt og kontroll for 2019. Unnateke offentleg innsyn jf. Offentleglova § 24 1. lekk



2. Konklusjon for 2019. Unnateke offentlig innsyn jf. Offentleglova § 24 1. lekk

Saksopplysningar

Denne saka er todelt.

- Det eine er ein del av kontrollutvalet sitt tilsyn med revisjonen og arbeidet som er gjort.
- Det andre er at ein ved gjennomgang av arbeidet til revisjonen, vert gjort merksam på tilhøve som det kan vere noko mangel ved og/eller kan gjerast betre.

I Kommunelova frå 1992 § 77 nr. 4 står det: «Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

Kontrollutvalet sin oppgave er utdjupa i kontrollutvalgsforskrifta som var heimla i kommunelova frå 1992 (1994) § 6:

«Kontrollutvalet skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruks, eller avtaler med revisor.»

I Kommunelova av 2018 § 23-3 a står det: «Kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

I Forskrift om kontrollutval og revisjon (2019):

«§ 3. Kontrollutvalgets oppgaver ved regnskapsrevisjon

Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruks og avtaler med revisor
- c) regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3. Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak.

Kontrollutvalget skal påse at regnskapsrevisorens påpekinger etter kommuneloven § 24-7 til § 24-9 blir rettet eller fulgt opp. Hvis påpekingene ikke blir rettet eller fulgt opp, skal kontrollutvalget rapportere det til kommunestyret eller fylkestinget.»

Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) sin rettleiar for kontrollutvalet sitt «på sjå»-ansvar overfor rekneskapsrevisor vert lagt til grunn for kontrollutvalet sitt arbeid med å sjå til at rekneskapet vert revidert på ein trygg nok måte.

Rettleiaren er utarbeida med utgangspunkt i kommunelova av 1992. På førespurnad til NKRF får ein opplyst at den gjeld inntil det kjem ny, men at det ikkje vil verte vesentlege endringar i høve på-sjå ansvaret overfor finansiell revisjon/årsrekneskapet.

I tillegg kjem revisor si orientering/gjennomgang av revisjonsarbeidet for året.

Under finn ein kva som er/vil bli gjort i høve til tilrådingane i rettleiaren:

1. Krav til utdanning og praksis for oppdragsansvarleg revisor.
Oppdragsansvarleg revisor er registrert revisor.
2. Krav til vandel for oppdragsansvarleg.



Oppdragsansvarleg revisor er registrert revisor og vandelsattest vart krevd for å få registrering..

3. Dokumentasjon av revisors uavhengigheit.
Revisor har levert skriftleg eigenvurdering for året.
4. Generelt om revisors uavhengigheit og objektivitet.
*Så langt vi har kjennskap til revisor er ho uavhengig.
Det er ikkje grunn til å tru anna enn at revisor vurderer si uavhengigheit fortløpande og rapporterer om eventuell endring.*
5. Kunnskap om revisjonen sitt innhald.
*Kontrollutvalet sin kunnskap om kva revisjonsarbeidet omfattar er gjennom erfaring med revisjonen, skriftlege og munnlege orienteringar frå revisjonen og gjennom planleggingsdokumentet for revisjonsåret 2019, samt forbundsbasert kontroll på revisjonseininga frå Norges kommunerevisorforbund. Siste forbundsbasert kontroll var i 2016 – og resultatet vart formidla til kontrollutvalet som melding.
I tillegg ligg det føre for kontrollutvalet, jf. vedlegg til saka, Statusoversikt og kontroll for 2019 , og konklusjon *Dette dokumentet er unnateke offentleg innsyn, jf. Offl. § 24, 1. lekk).*
Desse dokumenta omhandlar oversikt over revisjonen sitt arbeid med finansiellrevisjon
Frå oppsummeringa av revisjonen sitt arbeid:
Konklusjonsmoment gir veldig grei oversikt.
Totalkonklusjon:
Det er ikkje avdekkta feil i revisjonsarbeidet, som ikkje har blitt endra utover det som er skissert framom, og det er ikkje grunnlag for å kunne konkludere at det ligg føre vesentlege feil som ikkje har blitt avdekkta som vil påvirke arbeidsvesentlegheitsgrensa slik den vert overskriden, fastsett til 5,8 mill. Notar er kontrollerte, og alle lovpålagte notar går fram av årsrekneskapen.
Årsrekneskapen kan derfor leggjast fram slik den ligg føre.*
6. Avtale mellom revisor og kontrollutvalet.
Kontrollutvalet har inngått samarbeidsavtale med revisjonen.
7. Revisjonsstrategi.
Revisor har utarbeida revisjonsstrategi/revisjonsplanlegging for året. Denne var til behandling/orientering i kontrollutvalssak 50/19.
8. Nummerert brev.
Kontrollutvalet har ikkje motteke nummerert brev for året.
9. Mislegheiter.
Kontrollutvalet har ikkje fått melding frå revisor om mislegheiter i året.
10. Revisjonsmeldinga.
Revisjonsmelding ligg føre. Den er datert 27.05.2020.
11. Revisor sin møteplikt og møterett.
Revisor har fylgt si møteplikt i kommunestyret i samsvar med lov/forskrift.
12. Revisor sin opplysningsplikt.
Der er ikkje grunn å tru at revisor har halde tilbake opplysningar som kommunestyret og kontrollutvalet burde hatt.



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
22/20	212	02.06.2020	04.06.2020	JSa

KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2019 HAREID KOMMUNE

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2019 datert 27.05.2020.
2. Kontrollutvalet meiner at Hareid Kommune sin årsrekneskap kan godkjennast.
Årsrekneskapen viser eit negativt netto driftsresultat (underskot) på kr 941 308
og eit rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) på kr 1 278 578

Årsrekneskapen er sett saman av:

- ✓ balanse per 31.12.2019
- ✓ driftsrekneskap
- ✓ investeringsrekneskap og økonomiske oversikter
- ✓ notar

Driftsrekneskapen viser at kommunen totalt har hatt til fordeling kr 307 593 941
Brukt/fordelt på rammeområda kr 306 315 363

Vedlegg

1. Revisjonsmelding datert 27.05.20 Motteke 28.05.2020
2. Årsrekneskap datert 26.05.2020. Motteke 28.05.2020
Signert av rådmann og økonomiansvarleg
3. Vedkomande vatn og avløp, ku SAK 28-19
4. Årsmelding Motteke 28.05.2020

Saksopplysningar

Viser til dei vedlagde dokumenta: Revisjonsmelding, årsrekneskap og årsmelding for 2019.

Revisor og ev. rådmann og/eller økonomi/rekneskapsjef deltek på møtet.

Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk er økonomisk resultat slik det framkjem etter avsetningar og bruk av fondsmidlar.

Netto driftsresultat er det mest brukte nøkkeltalet for vurdering av det økonomiske resultatet i ei kommune.

	2019	2018
Negativt netto driftsresultat	941 308	2 161 107

Revisjonsmeldinga

Revisor sin konklusjon om årsrekneskapen:

- ❖ Rekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift og gjev per 31.12.2019 ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen og
- ❖ av resultatet for rekneskapsåret som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.



Grunnlag for konklusjonen, annan informasjon, rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen og revisor sine oppgaver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen går fram av revisjonsmeldinga.

Revisor konkluderer slik om andre lovmessige krav:

- ❖ Dei disposisjonane som ligg til grunn for årsrekneskapet er rimeleg i samsvar med budsjettvedtak og budsjettbeløpa i årsrekneskapet stemmer med regulert budsjett.
- ❖ Opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og dei er i samsvar med lov og forskrifter.
- ❖ Leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk.

Revisor opplyser at:

- ❖ Rekneskapen er avslutta etter fristen.
- ❖ Beløpa i årsrekneskapen viser vesentlege avvik i forhold til regulert budsjett for nokre av avdelingane.
- ❖ Investeringsrekneskapen har nokre budsjett med vesentlege overskridingar.

Årsrekneskapen

- ✓ Rekneskapsskjema 1A Drift finn ein på side 4. Rekneskapsskjema 2A Investering side 7.

- ✓ Notane nr 1-16 side 14-31.

- ✓ Resultatgrad

Netto driftsresultat i % av driftsinntektene utgjer i 2019 0,21%

Dette er vesentleg lavare enn målalet tilrådd frå

Teknisk Berekningsutval på 1,75%

- ✓ Brutto driftsinntekter pr innbyggjar 432 899 970/5152 innbygg kr 84 025

- ✓ Lånegjeld

Netto lånegjeld utgjer ca kr 507 460 000 ved utgangen av året,

Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter utgjer 2019 117%

Lånegjeld pr. innbyggjar i Hareid kr 98 497

« « Volda kr 145 022

Hareid si lånegjeld ligg litt lavare enn nokre nabokommunar.

- ✓ Disposisjonsfond 11 mill.

- ✓ Ein viser elles til rekneskapet.

Årsmeldinga

- ✓ Flott presentert årsrapport.

- ✓ Økonomisk avviksanalyse side 42-43 og 49.

- ✓ Informasjon om tenestene frå side 44.



✓ Sjukefråvær 6,55%.

Avslutning

- Revisjonsmeldinga inneheld ingen presisering informasjon om:
 - årsrekneskapen er avslutta etter fristen
 - vesentlege avvik mellom beløp i årsrekneskapen og regulert budsjett for nokre avdelingar
 - investeringsrekneskapen inneheld nokre budsjett med betydelege overskridingar
- Årsrekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift
- og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31.12.2019 og
- resultatet for rekneskapsåret i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.
- Utanom informasjonen over har revisjonen ingen merknadar til den framlagde rekneskapen.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
23/20	217	27.05.2020	04.06.2020	KS/JS

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – INNKJØP KOMMUNALTEKNIKK OG VAR – VIDARE OPPFØLGING

Samrøystes innstilling

Kontrollutvalet tek tilbakemeldinga vedkomande forvaltningsrevisjonsprosjektet – Innkjøp kommunalteknikk og VAR til vitende, og ser på oppfølginga som avslutta.

Vedlegg

1. Samandrag i rapporten - *Forvaltningsrevisjonsprosjekt, innkjøp kommunalteknikk og VAR, Hareid kommune, Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 23.08.2019.*
2. Sjekkliste for anskaffingar gjort etter forsyningsforskriften.
3. Utskrift frå møteprotokoll. Forvaltningsrevisjonsprosjektet – Innkjøp kommunalteknikk og VAR.

Saksopplysning

Kontrollutvalet i Hareid kommune gjorde i sak 07/19 vedtak om å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt på innkjøpsområdet spissa mot kommunalteknikk og VAR.

Prosjektet har som formål å stadfeste om Hareid kommune følgjer lov om offentlege innkjøp med tilhøyrande forskrift og retningsliner innanfor innkjøpsområdet i 2018.

Kontrollutvalet i Hareid kommune gjorde i sak 07/20 dette vedtaket:

1. Kontrollutvalet tek tilbakemeldinga vedkomande forvaltningsrevisjonsprosjektet – Innkjøp kommunalteknikk og VAR til vitende.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen kome på neste møte for å grunngi kvifor dei ikkje vil følgje opp kommunestyrevedtaket.
3. Kontrollutvalet ber om ny tilbakemelding på status på gjennomføring av anbefalingane innan 31.08.2020.



Med den tilbakemeldinga som er kome frå rådmannen og forvaltningsrevisor, ser vi ikkje grunn til å kalle inn rådmannen for orientering.

Tilbakemelding finn ein nedanfor.

Tilbakemelding frå rådmannen:

«Eg vil for det første understreke at Kommunalteknikk og VAR ikkje berre ville nytte kommunens sjekklister på konkurransar som fell under klassisk sektor. På revisjonstidspunkt var det berre utarbeidet prosedyre og sjekklister for klassisk sektor. Det vart i revisjonen frå mi side difor påpeika at det ikkje førelå brot på interne rutinar i konkurransane køyrt etter forsyningsforskriften der sjekklister ikkje var fylt ut. Ein kan ikkje automatisk anvende sjekklister utarbeida for klassisk sektor på konkurransar som vert køyrt etter forsyningsforskriften. Det er to separate regelverk. Ein har imidlertid i etterkant utarbeida ei felles rutine og ei separat sjekklister for forsyningssektoren og ein vil følgelig følgje felles rutiner og fylle ut dei respektive sjekklister i alle konkurransar i både klassisk sektor og i forsyningssektoren».

Tilbakemelding frå revisor:

«Ut i frå tilbakemeldinga har kommunen no fått på plass felles rutine og sjekklister som omfattar både klassisk- og forsyningssektor.

Ein eventuell etterkontroll på eit seinare tidspunkt vil kunne avdekke om rutiner og sjekklister blir følgde og nytta».

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
24/20	033	28.05.2020	04.06.2020	KS/JS

RÅDMANNEN OG KONTROLLUTVALET. FORVENTNINGAR BEGGE VEGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek den gjensidige orienteringa til vitende.

I møtet

Sekretariatet framheva godt samarbeid og forståing for at ein har ulike roller.

Når det gjeld utsending av post frå sekretariatet skal det gå til Postmottak med kopi til rådmann eventuelt saksbehandlar, om den er kjent.

Sekretariatet ber om at post til kontrollutvalet/sekretariatet går til post@vestkontroll.no med eventuell kopi til den enkelte saksbehandlar.

Kommunalsjefar kan kallas inn direkte til møta i kontrollutvalet, med informasjon til rådmannen. Dersom andre skal møte må det gå gjennom rådmannen/kommunalsjef.

Uansett kan rådmannen bestemme kven som skal møte. Alle som møter frå administrasjonen, møter på vegne av rådmannen.

Det vart klargjort at kontrollutvalet/sekretariatet ikkje er varslingsorgan etter arbeidsmiljølova sine regler. For å unngå samanblanding bør ikkje ordet «varsling» brukast for å tipse eller orientere om ulike tilhøve.



Det vart også presisert at kontrollutvalet ikkje er klageinstans i enkeltsaker. Kontrollutvalet tar sjølv sagg i mot tips frå tilsette og innbyggjarar også i enkelt saker, fordi det kan gi oss informasjon om forhold om rutinar og systemundersøkingar.

Med god dialog og godt samarbeid kan vi i lag bidra til eit godt omdøme for kommunen. Rådmannen slutta seg til saksopplysningane.

Saksopplysningar

- Rådmannen har ikkje møte- og talerett i kontrollutvalet, slik som ordføraren.
- Det kan likevel vere ynskjeleg at rådmannen er med i enkelte møte eller deler av møta, då i spesielle saker.
- Det bør vere slik at rådmannen får høve til å gi informasjon, generell og spesielt i kontrollutvalsmøta. Då bør hun gi signal om dette i rimeleg tid før møta, slik ein får setje det opp på saklista. Gjerne gi opp tidspunktet hun kan kome.
- Rådmannen bør og ta seg tid til å kome å orientere etter oppmoding frå kontrollutvalet/leiar/sekretariat.
- Rådmannen har sjølv høve til å avgjere om hun sjølv orienterer, hun har med seg nokon til å gjere det eller sender nokon.
- I ein del høve ynskjer kontrollutvalet orientering av ein bestemt person. Er det det då greitt at kontrollutvalet v/sekretariatet kontaktar denne direkte (m/evt. kopi/melding til rådmannen) eller vil rådmannen at innkallinga skal gå gjennom hun.
- Vi snakkar heile tida om ein god dialog.
- Ein må vere klar over at det til tider vil kom opp saker der det er usemje om, i om med at det er ulike roller. Det er viktig at alle har klart for seg at det dreier seg då om den enkelte saka og ikkje må få følger ein elles gode dialog i andre saker.
- Andre tilhøve som kontrollutvalet og rådmann ynskjer å ta opp.

Eit godt tilhøve mellom kontrollutval og rådmann er viktig, ikkje minst for å eit godt omdøme for kommunen. Ein må vere klar over at det kan oppstå usemje om ei sak – måten ein løyser slikt på er viktig for kommunen sitt omdøme.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
25/20	047	28.05.2020	04.06.2020	KS

ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN - BYGGING OG FRAMDRIFT AV NYTT HELSETUN

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringa frå rådmannen vitende.

I møtet

Prosjektleiar Kommunal eigedom FDV, Paul Arne Ulstein orienterte og svara på spørsmål.

- Koronasituasjonen førte til nokre utfordringar, men forseinkinga er no tatt att og prosjektet går etter planen.



- Kommunen vil ha god dialog med revisjonen, spesielt ved berekning av fordelingsnøkkelen ift sjølvkost.
- Det vart spurt om korleis Helsehuset er budd på ein eventuell ny epidemi med behov for adksilt klinikk. Dette var ikkje tankt på i planlegginga av bygget, men dei jobbar med ei løysing som truleg vil løyse utfordringane også for seinare epidemiar.

Kontrollutvalet ser fram til løpande orientering.

Saksopplysningar

Rådmannen vart kalla inn for å orientere i møtet 04.06.2020.

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i møtet 28.02.2020 sak 11/20.

1. Kontrollutvalet tek orienteringa frå dei frammøtte frå kommunen til vitende.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen orientere om status på framdrifta i neste møte, den 24.04.2020.

Vart ikkje tatt opp i møte 24.04.2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
26/20	033	28.05.2020	04.06.2020	KS

ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN – KORONA M.M

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek den munnlege orienteringa til vitende.

I møtet

Rådmann Ragnhild Velsvik Berge orienterte, svara på spørsmål og delte ut notat om koronasituasjonen og tiltak.

Notatet vert lagt ut på kontrollutvalet si heimeside.

Ut frå orienteringa frå rådmannen ser det ut til at sårbare born og andre sårbare grupper vert godt ivaretekne under koronakrisa.

Saksopplysning

Kontrollutvalet ber rådmannen orientere om kva tiltak kommunen har gjort for å sikre oversikt over og oppfølging av sårbare og utsette barn i forbindelse med korona-situasjonen.

Rådmannen vart kalla inn for å orientere og svare på spørsmål i kontrollutvalsmøtet.



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
27/20	033	28.05.2020	04.06.2020	JS/KS

ORDFØRAREN OG KONTROLLUTVALET. FORVENTNINGAR BEGGE VEGAR**Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet tek den gjensidige orienteringa til vitende.

I møtet

Sekretariatet framheva godt samarbeid og forståing for ulike aktørar si rolle.

Det har ulike konsekvensar for når kontrollutvalet/sekretariatet kjem inn i saker.

Ved å kome tidleg inn kan ein unngå støy, så å vere pro aktiv er viktig. Sekretariatleiar opp fordrar til å ta kontakt, dersom det er noko.

Det er viktig at leiaren i kontrollutvalet, eventuelt med bidrag frå sekretariat og revisjon orienterer om kontrollutvalet sitt arbeid i kommunestyremøta.

Med god dialog og godt samarbeid kan vi i lag bidra til eit godt omdøme for kommunen. Ordførar slutta seg til det som kom fram i drøftingane og det som kjem fram under saksopplysingane.

Saksopplysningar

- Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet, jf. kommunelova § 6-1, 3 ledd. Dette gir eit signal om ordføraren sitt tilhøve til utvalet og deltakinga der.
- Spørsmålet er om ordføraren har tenkt å møte og om han har høve til å møte i alle og i heile møta.
- Dersom ordføraren ikkje har høve å møte i heile møtet er det greitt å få avklara til kva tid han kan vere der av omsyn til saklista.
- Det er greitt å setje opp saker han bør delta på, i møte vi veit at han kan kome. At ordførar er til stades i saker som utvalet behandlar, som skal til kommunestyret, kan og vere viktig av omsyn til innsikta i sakene og behandlinga der.
- Kontrollutvalsleiar bør få tid i kommunestyremøta til å innleie/orientere om saker som vert lagt fram av kontrollutvalet.
- Saker frå kontrollutvalet bør setjast opp tidleg i møtet slik kontrollutvalsleiar, sekretariat og revisor ikkje treng vere til stades i heile møtet i kommunestyret.
- Ordførar bør sjå til at uttalen på rekneskapen frå kontrollutvalet til kommunestyret følgjer heile saksgangen.
- Ordførar bør sjå til at det er kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for kontrollordninga som vert lagt fram for kommunestyret (ikkje endra på av administrasjonen eller formannskapet)
- Ordførar bør vidare sjå til at saker som skal gå direkte frå kontrollutvalet til kommunestyret ikkje er gått til behandling i formannskap eller andre utval (forvaltningsrevisjonsrapportar, særskilde rapportar bestilte av kontrollutvalet, budsjett, plan for forvaltningsrevisjon og plan for /eigarskapskontroll (selskapskontroll)
- Andre tilhøve som kontrollutvalet og ordførar ynskjer å ta opp.

Eit godt tilhøve mellom kontrollutval og ordførar er viktig ikkje minst for å eit godt omdøme for kommunen. Ein må vere klar over at det kan oppstå usemje om ei sak – måten ein løyser slikt på er viktig for kommunen sitt omdøme.



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
28/20	047	28.05.2019	03.06.2020	JS

DELEGERING FRÅ KONTROLLUTVALET

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet gir fullmakt til leiaren i utvalet å vere til stades i generalforsamling, representantskap og tilsvarande organ. Leiaren kan peike ut andre kontrollutvalsmedlemer eller sekretariatet til å møte i sin stad.

Saksopplysningar

Kontrollutvalet har i sak 15/20 bede sekretariatet utarbeide sak om delegasjon til leiar for å representere kontrollutvalet i generalforsamlingar, representantskap og tilsvarande organ.

I nye kommunelov (2018) seier § 23-5 flg.

«Kontrollutvalget skal varsles om møter i generalforsamling, representantskap og tilsvarende organer og har rett til å være til stede i disse møtene.»

Det er ingen møteplikt, men ein rett kontrollutvalet har. Det er upraktisk at heile kontrollutvalet møter opp, så mynde til å møte bør delegerast til leiaren i kontrollutvalet, med høve til vidare delegasjon.

Det er grunn til å tru at retten til å vere til stades i møter henger saman med innsynsrettet, jf. KL. § 23-6, noko som også inneber retten til å vere til stades i lukka møte. Men det ikkje kome nye tolkingsreglar frå Departementet i høve ny kommunelov.

Tolkingsreglane var slik etter tidlegare kommunelov:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/-80-tredje-ledd-kontrollutvalgenes-adgang-til-bedriftsforsamling-og-generalforsamling/id2426535/>

Det er vanskeleg å tru at nye reglar blir vesentleg endra i høve til dei gamle. Skjer vesentlege endringar får vi ta opp delegasjonen på nytt.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
29/20	217	29.05.2020	04.06.2020	JS

PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON – KOMMUNEN OG SELSKAP

Samrøystes innstilling

1. Kommunestyret vedtek å prioritere flg. forvaltningsprosjekt i planperioden:
 1. **NAV/Økonomisk sosialhjelp**
 - Sakshandsaming økonomisk sosialhjelp
 - Aktivitetsplikt
 2. **Sentraladministrasjon**
 - Avvik / avvikshandtering (eining/sector)
 3. **Økonomi:**
 - Økonomistyring og budsjettoppfølging
 4. **Helse/ Pleie og Omsorg**
 - Kvalitet/avviksrapportering



- Sakshandsaming/vedtaksoppfølging (teneste/område)

5. **Teknisk**

- Forvaltning drift og vedlikehold av kommunale bygg

2. Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å endre prioritetsrekkefylje og evt. leggje til nye prosjekt innan ramma for utføring.
3. Kommunestyret vedtek at betaling for utførte prosjekt vert dekkja inn i den årlege betalings-/tilskotsordninga til kommunen sin revisjon. Dersom andre utfører forvaltningsrevisjon på grunn av habilitetsomsyn, kapasitetsomsyn eller kompetanse, vert betaling å avgjere i det enkelte tilfelle (jf. lov om off. innkjøp).
4. Kommunestyret vedtek at denne planen for forvaltningsrevisjon gjeld inntil ny plan ligg føre.
5. Kommunestyret oppmodar kontrollutvalet/kommunestyret i Ulstein kommune om å vedta forvaltningsrevisjonsprosjekt på PPT-området i planperioden.
6. Kommunestyret oppmodar kontrollutvalet/kommunestyret i Volda kommune om å vedta forvaltningsrevisjonsprosjekt på Barnevern-området i planperioden.

I møtet

Sekretariatet opplyste at utføring av forvaltningsrevisjonsprosjekta må koordinerast med statlige tilsyn (Fylkesmannen).

Kontrollutvalet og sekretariatet vil i samband med behandling av prosjektplan avgjere problemstillingane i samarbeid med revisjon.

Vedlegg

1. Overordna analyse, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS
2. Risikovurdering, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

Saksopplysningar

Forvaltningsrevisjon

Kommunelova § 23-2 bokstav c) pålegg kontrollutvalet å sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av kommunen sin verksemd og selskap kommunen har eigarinteresse i. § 23-3 definerer forvaltningsrevisjon som å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, målinnfriing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak.

Plan for forvaltningsrevisjon

Kommunelova § 23-3 andre ledd set krav om at det skal utarbeidast plan for forvaltningsrevisjon:

«Kontrollutvalget skal minst en gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utareide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner».

Kommunelova § 23-3 femte ledd slår fast at det er kommunestyret som vedtek plan for forvaltningsrevisjon, men dei kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen

Risiko- vesentlegvurdering

Kommunelova § 23-3 tredje ledd stiller krav om at planen for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering:

«Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper».



I avtalen kontrollutvalet har med Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS går det fram at dei skal utarbeide overordna analyse og risikovurdering. Dette er lagt ved saka.

Risiko- og vesentlegvurderinga av kommunen si verksemd tek utgangspunkt i risiko for manglar eller avvik knytt til produktivitet, måloppnåing, regeletterleving, vedtaksoppfølging, internkontroll og/eller effektivitet. Risiko- og vesentlegvurderinga av kommunen sine eigarskap i selskap har teke utgangspunkt i risiko for at selskapa ikkje driv i samsvar med kommunestyret sin vedtak og føresetnader, eller at dei ikkje driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte. I tillegg har det blitt vurdert kor vesentleg selskapa er for kommunen, med utgangspunkt i brukarperspektivet/samfunnsnyttan og dei økonomiske interessene dei representerer for kommunen.

Det vert vist til dokumenta Overordna analyse (vedlegg 1 til saka) og Risikovurdering (vedlegg 2 til saka).

Aktuelle forvaltningsprosjekt

Ut frå dokumenta Overordna analyse og Risikovurdering peikar revisjonen på flg. aktuelle prosjekt (Ikkje prioritert rekkefølge):

Kommunen:

Sentraladministrasjon

- Avvik / avvikshandtering (eining/sektor)
- Etikk/ Varsling
- Arkiv
- Journalføring/innsyn

Økonomi:

- Økonomistyring og budsjettoppfølging
- Kvalitet på den økonomiske rapporteringa
- Innkjøp (eining/sektor) (oppfølgingsprosjekt?)

Teknisk

- Sjølvkost vatn og avløp (oppfølgingsprosjekt?)
- Gebyrsatsar VA
- Sakshandsaming byggjesaker (plan og bygningslova)
- Forvaltning drift og vedlikehald av kommunale bygg
- Forvaltning av inventar og utstyr.
- Beredskap (ROS-analyse og beredskapsplan)

Oppvekst

- Barnehagetilskot
- Kvalitet i barnehagen (kompetanse, bemanning)
- Spesialundervisning (gjennomført i 2014) oppfølgingsprosjekt?
- Mobbing
- Barnevern (oppfølgingsprosjekt?)
- Utredningskapasitet og førebyggjande arbeid i PP-tenesta



- Sakshandsamingstid, venteliste i PPT

NAV/Økonomisk sosialhjelp

- Sakshandsaming økonomisk sosialhjelp
- Aktivitetsplikt

Helse/ Pleie og Omsorg

- Kvalitet/avviksrapportering
- Sakshandsaming/vedtaksoppfølging (teneste/område)

Selskap

Revisjonen har ikkje kome med forslag til aktuelle selskap for forvaltningsrevisjon.

Prioritering av forvaltningsprosjekt

Kontrollutvalet må i møtet prioritere og setje opp dei mest aktuelle prosjekta for gjennomføring.

Møtet slutt.

Audun Ulstein
Leiar

Øyvind Grimstad
Nestleiar

Møteprotokoll går til:

Kommunestyret som melding

Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte

Ordførar og rådmann til orientering

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS til orientering